



Ullensvang herad

KYSTSONEPLAN FOR ULENSVANG HERAD



Dokument vedteke i heradsstyret 13.10.2008

Sentrale interesser i Kystsona

17.12.2012

Føreord

Heradet har vedteken kommuneplan samfunnsdel i 2000 og arealdel 2002. Sjøarealet var utelete i handsaminga i 2002. Med kystsoneplanen ynskjer heradet å synleggjera dei ressursane som er i dette arealet og synleggjera korleis ein kan nytta dei på best mogleg måte, samstundes som det er i samsvar med rikspolitiske retningsliner og regionale interesser. Arealet som er med i kystsoneplanen er sjøarealet samt 100 m beltet langs strandsona. Kystsoneplanen var ute til offisielt ettersyn i tida

HST-091/08 VEDTAK:

Heradsstyret godkjennar framlegg til kommunedelplan for Kystsona i Ullensvang, sist revidert 12.09.2008, jamfør plan- og bygningslova § 20-5/27 –2. Juridiske dokument vert plankart, føresegn med retningsliner.

Innhaldsregister		Side
	Føreord /Heradsstyrevedtak	2
	Innhaldsregister	3
1.0	Innleiing	4
1.1	Lovheimlar	4
1.2	Overordna føringar for planarbeidet	4
1.3	Strandsona i Ullensvang	4
1.4	Strandsona som grunnlag for busetnad, friluftsliv, rekreasjon og næringsutvikling.	4
1.5	Inngrep i strandsona i Ullensvang herad	5
1.6	Strandsona i kommuneplanlegginga	5
1.6.1	Definisjonar og målsetnader	5
1.6.2	Målsetnad: Differensiert strandsoneforvaltning	5
1.6.3	Definisjon: Funksjonell strandsone	5
1.6.4	Definisjon: Kystsoneplan for Ullensvang herad	6
1.6.5	Planprosess og medverknad	7
2.0	Sentrale interesser i kystsona	8
2.1	Byggjeområde i strandsona	8
2.1.1	Naust	8
2.1.2	Eksisterande naustområde	8
2.1.3	Fritidsbustader	8
2.1.4	Bustader	9
2.1.5	Utfyllingar i sjø, småbåthamner, kaiar og flytebryggjer	10
2.1.6	Næringsbygg/næringsområde	10
2.2	Biologisk mangfald	11
2.2.1	Austsida	11
2.2.2	Vestsida	11
2.2.3	Nordsida – Oksenhalvøya	12
2.3	Verna vassdrag	12
2.4	Landskap og kultur	12
	Kulturminne	13
2.5	Friluftsliv	14
2.6	Fiskeri	15
2.7	Havbruk	15
2.8	Forsvaret	16

1.0 INNLEIING

1.1 Lovheimlar

Kommunedelplan for kystsona er heimla i Plan – og bygningslova. Planen omhandlar føremål i samsvar med plan – og bygningslova § 20-4 1-6.

1.2 Overordna føringar og rammar

Det er lagt mange føringar for arbeidet med kystsoneplanen gjennom sentrale forskrifter, rikspolitiske retningsliner(RPR), brev og rundskriv frå departementet. For dette arbeidet er spesielt følgjande veklagt:

- Forskrift for konsekvensutgreiing.
- RPR for barn og unge.
- Fylkesplan for Hordaland 2005 – 2008.
- Fylkesdelplan for kystsona.
- Råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland 2007.
- Kommuneplan for Ullensvang 2002.

Følgjande lokale temaplanar er lagt til grunn for arbeidet:

- Kulturminneplan for Ullensvang herad 2000 – 2012, vedteken 1999.
- Kommunedelplan for Idretts og friluftsliv. 2000 – 2012, sist revidert 2007.


1.3 Strandsona i Ullensvang

1.4 Strandsona som grunnlag for busetnad, friluftsliv, rekreasjon og næringsutvikling.

Bustadutviklinga i heradet har vore negativ i fleire år. Framskriven utvikling syner at trenden held fram i same lei, dersom ein ikkje kan gjera grep for å stogga denne utviklinga. Heradet arbeider målretta mot å få fleire innbyggjarar, og etableringar av nye arbeidsplassar er høgt prioritert.

Innbyggjartal 1.1.2007: 3 416

Folkemengde 1995-2007 og framskriven til 2008-2025¹



1. Folketalsutvikling basert på alternativ MMMM (middels vekst)

1.5 Inngrep i strandsona i Ullensvang herad

Heile 47.4 % av den om lag 123 km lange strandlina i Ullensvang er påverka av inngrep frå ulike typar utbygging (t.d. sprengstein, murar og rydningsrøyser). Grad av inngrep varierer alt etter kva side av fjorden ein er på. T.d. er nærmare heile 70 % av strekninga på vestsida av Sørfjorden (frå Utne til Odda) påverka av menneskelege inngrep. Grus- og sandstrender dekkjer berre 6.9 % av strandlina (Godal 1999).

1.6 Strandsona i kommuneplanlegginga

1.6.1 Definisjonar og målsetnader

1.6.2 Målsetnad: Differensiert strandsone forvaltning

Ullensvang herad skal ha ei differensiert strandsoneforvaltning og ein politikk som er tilpassa tilhøva i heradet. Politikken skal ta omsyn til dei ulike verdiane i strandsona: urørt natur, kulturlandskap, ålment friluftsliv, biologisk mangfald og næringsliv. Ullensvang herad arbeider for å oppretthalda folketalet. Heradet ynskjer å nytta verdiane i strandsona til å oppretthalda folketalet, samstundes som ein ynskjer å ta vare på verdiane i strandsona. I praksis ynskjer ein å gjennomföra dette ved å økonomisera med areal og konsentrera inngrepa. Ein ynskjer spesielt å skilja mellom areal der det allereie er utført inngrep som har påverka strandsona mykje, og meir urørt areal.

1.6.3 Definisjon: Funksjonell strandsone (ikkje vedteke)

Ullensvang har ein særslig bratt topografi frå fjord til fjells, og mange stader i heradet går 100-meters beltet langt opp i fjellsida. Me ynskjer difor å definera den funksjonelle strandsona i Ullensvang, det vil sei den sona som står innbyrdes direkte i samspel med sjøen, både økologisk, topografisk, og/eller bruksmessig. Det hadde vore ynskjeleg med ein endå meir detaljerte avgrensing, der ein har lagt inn +/- 25 m grensa. Dette arbeidet vert vurdert utført i samband med rulleringa av kommuneplanen. 25 m grensa er vist med grøn strek.

Den funksjonelle strandsona i Ullensvang vert i hovudsak definert som området mellom riksveg/hovudveg og fjorden. Skildring av grensa vert som følgjande:

Frå grense mot Jondal til grensa mot Odda, vestsida av Sørfjorden.

Frå grensa mot Jondal til Lilleås, føl den 100 m beltet.

Frå Lilleås til Kjosane gjeld grensa +/- 25 m.

Frå Kjosane vert riksvegen grensa til nord for Alsåkerelvi.

Frå Alsåker elvi går grensa på 25m +/- til indre Alsåker. Eit lite stykke føl den riksvegen, og sør for Holmane, igjen å gå 25 m +/- til Furaviki.

Frå Vines skule til friområdet på Lote går grensa på 25 m +/-.

Frå Lote til reguleringsgrensa til Utne gjeld 100m grensa.

Gjennom Utne er reguleringsplanen gjeldande.(senterområde)

Frå Utne til Aga er riksvegen avgrensinga.

Frå Aga til Rogdaberg vert grensa på 25 m +/-.

Frå Rogdaberg til Nordnes vert riksvegen avgrensinga.

Frå Nordnes til Mågeviki er grensa på 25 m +/-.

Frå Mågeviki til Eikhamrane er riksvegen avgrensinga.

Gjennom Eikhamrane føl det grensa på bergalag.

Frå Eikhamrane til Odda grense er riksvegen avgrensinga.

På austsida av Sørfjorden er og til grensa mot Eidfjord er avgrensinga sett slik:

Frå Odda grense til avkøyringa til Brattespe er riksvegen avgrensinga med unnatak av næringsområdet på Espe og Tednenes.

Frå avkøyringa til Brattespe og for regulert område på Hovland ligg grensa på 25 m +/-.

Frå Hovland til reguleringsgrensa på Lofthus er riksvegen avgrensinga.

Gjennom Lofthus sentrum gjeld reguleringsføresegna.(senterområde.)

Frå regulert område på Lofthus til Lutro gjeld riksvegen som avgrensing.

Frå Lutro til Ystanes gjeld 100 m beltet.

Frå Ystanes til regulert område i Kinsarvik gjeld riksvegen som avgrensing.

Gjennom Kinsarvik sentrum gjeld reguleringsføresegna(senterområde).

Frå Kinsarvik til Tangskjer gjeld riksvegen som avgrensing.

Frå Tangskjer til Dirrvikji gjeld grensa på 25 m +/-.

Frå Dirrviki til Ringøy gjeld riksvegne som avgrensing, med unnatak av næringsområde på Ulsnes.

Frå Ringøy til Bjotveitvelva gjeld grensa 25 m +/-.

Frå Bjotveitvelva til grensa mot Eidfjord gjeld 100 m grensa.

På Oksenhalvøya er grensa sett slik:

Frå grensa mot Ulvik til avkøyringa til kaia på Djønno, gjeld fylkesvegen som avgrensing.



Frå avkøyringa til kaien på Djønno til Djønnoneset gjeld 25m grensa 25 m +/-.

Får Djønnoneset til Tjoflot gjeld kommunal veg som grensa.

Frå Tjoflot til grensa mot Granvin gjeld 100 m grensa.

1.6.4. Definisjon: Kystsoneplan for Ullensvang herad

Kystsoneplanen til Ullensvang herad skal femna om **100m beltet og sjøareala i heradet.**




Døme på avgrensing av området og funksjonell strandsoneavgrensing 25 m. Bilete frå same området, Kvalnes.

Heradet har ved fastsetjing av funksjonell strandsone, lagt til grunn prinsippa som er sett i rettleiar for Råd om planlegging og forvaltning av i strandsona i Hordaland. Der set er avvik frå +/- 25 m, har området anten ein del etableringar som t.d. landbruksbygg, bustader eller fritidsbustader. I Ullensvang er vegnnettet, riksveg, fylkes- eller kommunal veg storleiken av avgrensinga. Det er fire område

1.6.5 Planprosess og medverknad

Oppstart av planarbeidet vart vedteke i heradsstyret den 02.12.2002 sak 075/02.

Planprosess for kommunedelplan -Kystsona



Til saman 100 innbyggjarar deltok på møta i fyrste runde, medan det var om lag 50 i andre runde. Det har kome inn ca 70 innspel frå fyrste runde og 40 nye etter andre runde. Arbeidsgruppa har vore ute i kontakt med dei som har kome med innspel for å kvalitetssikra grenser og omfang. For å få innspel frå born og unge vart det sendt ut ei oppmøding til alle barnehagar og skular i heradet, for å få dei til å koma med innspel på viktige badeplassar og andre friluftsområde. Heradet sin barne – og ungdomsrepresentant har vore med i arbeidet.

2.0 SENTRALE INTERESSER I KYSTSONA

2.1 Byggjeområde i strandsona

Generelt er det eit stort ynskje om å få nytta arealet i strandsona. Det er kome mange innspel på ulik bruk av dette arealet. Planen vil leggja forholda til rette for at det skal vera råd for næringsverksemder å nytta strandsona. Det skal likevel takast høgde for dei rikspolitiske retningslinene som seier at strandsona skal gjerast mest mogleg tilgjengeleg for ålmenta. Heradet har i fleire reguleringsplanar lagt forholda til rette slik at tilhøva for ålmenta vert sikra/betra. I dei regulerte områda bør det ved søknad om tiltak, setjast krav til at tiltaket bør gjera meir areal tilgjengeleg for ålmenta. Ved etablering av ny næring skal ha ein i hovudsak ha ein byggjeavstand på 25 m frå strandlinia. På strekkja frå Utne til Odda, der utbetringa av riksvegen har umogleggjort å halda krav om 25m grensa, skal reguleringsplanen syna kor byggjegrensa vert. Det skal lagast til reguleringsplan i dei tilfella ein skal utvida næringsverksemda i strandsona. Ved utarbeiding av reguleringsplan, skal det utarbeidast beredskapsvurdering som syner at området er trygt å bruka.

2.1.1 Naust

I og med utviding av hovudvegane langs fjorden ligg heilt i strandsona, har ein del innbyggjarar mista nausta sine i denne prosessen. Frå gamalt av har naust stått saman og danna små naustsamfunn. På desse strekningane kan det vera vanskeleg å få til dette, grunna at det i byggjeperioden på riksvegen vart laga til nye erstatningstomter for nausta. Planen legg opp til at det på strekkja frå Trones til Velure, vert råd til å setja opp naust på tomtene som vart laga til av vegvesenet. Planen legg vidare opptil utviding av eksisterande naustområde og til etablering av nye naustområde. I samband med naustområda kan det kan lagast til mindre anlegg i sjø som skjermar anlegga.

2.1.2 Eksisterande naustområde

I dei eksisterande naustområda, skal det vera høve til å etablera nye naust, fortetting. Dersom naustområde er med i kulturminneplan for heradet, skal utvidinga skje i samarbeid med fylkeskonservatoren

2.1.3 Fritidsbustader

Heradet ynskjer å styre tempo og utviklinga i forhold til turisme, ha ei ressursvennleg forvaltning av areala fortetting/utbygging/nye felt, og ha eit klart standpunkt på område som ikkje skal verta utbygd. Når det gjeld område som denne delplanen femnar om, er det ikkje opna for etablering av nye fritidsbustadar innanfor funksjonell strandsone. Det er ikkje lov å setja opp fritidsbustad i funksjonell strandsone. Det er i kystsoneplanen opna for 4 nye byggeområde for fritidsbustadar. Dette gjeld Tjoflot, Vikane, Stolpanes og Djønnoneset. Sjølv om arealet er forholdsvis stort, skal det ikkje plasserast fleire bygg i området enn at naturpreget vert ivaretake.

For å gjera næringa stabil og langsiktig, bør ein satsa på utleige av hytter/attåt næring til landbruket, i staden for sal av tomter. Sal av tomter er kortsiktig økonomisk planlegging, og vil ikkje ha dei langsiktige verknadane i næringa som me ynskjer å utvikla.


I Ullensvang er det mange etablerte fritidsbustader. Desse vart etablert frå 1950 – 70 talet. Dei har ein storleik kring 25 – 40 m². Det har i dei seinare åra kome fleire søknader om tilbygg på desse bygga. Dagens ynskja om storleik, ligg på eit mykje høgare utbygd areal. Dersom heradet skal akseptera ei utviding til dagens storleik, kring 70 – 90m², vil dette få store konsekvensar for landskapet. Dagens fritidsbustader viser lite att i landskapet, medan utvidingar vil gjera desse mykje meir synlege. Dette vert grunngjeve med at det opphavlege bygget var tilpassa området og eit nytt tilbygg om lag like stort som det eksisterande, kan sjeldan tilpassast på same måte. Retningslinene tek høgde for å styra denne utviklinga.

På nye område for fritidsbustader, kan det byggast ut, men der er krav om at det skal utarbeidast reguleringsplan før det kan startast arbeid. Reguleringsplanen må ta omsyn til tilhøva på plassen og det vert sett strenge krav til detaljeringa av planen. Reguleringsplanen må også greie ut følgjande: skredfare, flaum, springflo, sterk vind, trafikktilhøva, natur/ landskapsbilete, biologisk mangfald, kulturminne.

2.1.4 Bustader

Det er i framlegg til plan, ikkje opna for bygging av bustadar i strandsona. Gjeldande kommuneplan frå 2002 opnar for spreidd busetnad i delar av heradet. Innanfor funksjonell strandsone er dette endra til LNF område. Heradet har vedteke ei satsing på utviding av bustadområde kring tettstadane. Alle desse ligg utanfor den funksjonelle strandsona. Val av nye bustadområde vert tema ved rulleringa av kommuneplanen, men det vert eit sterkt ynskje om framleis avsett område til LNF spreidd bustadbygging. Kystsoneplanen gjer derfor lite endringar på kommuneplanen. Unnatak er området sør for industriområdet på Hovland. Dette er endra LNF med tillate spreidd busetnad til vanleg LNF område. Kystsoneplanen vil opna for utvidingar, men utvidingar skal ikkje kome nærmare sjø. Storleiken skal vurderast og det vert sett tak ved utnyttingsgraden på tomta. Det skal leggjast stor vekt på at utforminga og tilpassing til terreng vert optimal.

2.1.5 Utfyllingar i sjø, Småbåthamner, Kai og Flytebryggjer



Ved utfylling i sjø vert det stilt krav om forenkla reguleringsplan. Alle tiltak i sjø krev løyve etter hamne – og farvasslova. Dette for å unngå utilsikta konsekvensar av eit slikt tiltak. Det er i planen lagt opp til etablering av småbåthamner. Dei fleste av desse er plassert i lag med naustområde og/eller næringsverksemder. Dette for å samla mest mogleg av innrepna. Det kjem stadig søknad om bygging av nye og eventuelt utviding av eksisterande kaiar i heradet. Heradet skal prøva å samla mest mogleg aktivitet i felles anlegg. Det skal likevel vera råd å ha mindre kaiar flytebryggjer på eigedomene. Kai/ flytebryggja bør ikkje vera lengre enn 5 m ut i sjø, målt frå middelvasstand.

Oversikt eksisterande og nye småbåthamner.

■ = eksisterande

○ = nye

2.1.6 Næringsbygg/næringsområde

I heradet er det allereie mange etablerte næringsbygg med tilhøyrande område i strandsona. Planen legg opp til at desse områda vert definert som næringsområde. Heradet må arbeida aktivt med å få etablert og lagt forholda til rette for ny næringsverksemd på desse plassane.


Det er i planen vist til 12 slike plassar, som har eit utviklingspotensiale.

Nye næringsområde, er i utgangspunktet tenkt som tilleggsnæring til landbruket, og då gjerne i form av utleigehytter. Det vert sett krav om reguleringsplan for alle desse tiltaka. Området skal gjerast tilgjengeleg for ålmenta og det vert ikkje tillate med innreiingar eller etableringar som har ei privatiserande utforming.

Eksisterande og nye næringsområde.

■ = eksisterande

○ = nye



2.2 Biologisk mangfold

Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland har fylgjande hovudmål for biologisk mangfold i kystsona: Ein skal forvalta det biologiske mangfaldet på land og i sjø basert på ”føre var”-prinsippet for å verna om produktiviteten og rikdomen av artar i naturen for komande generasjonar.

Strandsona er eit viktig leveområde for plantar og dyr. Her møtest to natursystem: Land og vatn. Sona er ei av dei mest produktive på jorda og er særskilt sårbar. Inngrep skapar ubalanse i økologiske system.

Strandvegetasjonen på fire lokalitetar i Ullensvang er undersøkt av Lundberg (1992). Ingen av desse lokalitetane var spesielt artsrike eller verneverdige. I ei naturtypekartlegging frå 1999 (Djønne 1999) og 2003 (Djønne 2003) og konsekvensutgreiinga for RV 13 (NNI 2000) peikar følgjande område seg ut i strandsona i Ullensvang:

2.2.1 Austsida:

Verdfulle naturtypar:

- Skjeldås/Tednenes. Nær grensa til Odda på austsida. Frå sjøen og opp til om lag 100 m.o.h. veks ein rik edellauvskog med stort innslag av gamle og unge lindetre.
- Skjeldnes: Edellauvskog dominert av alm, lind, gråor og hegg.
- Frøyne: Edellauvskog dominert av ask, alm, eik og lind. Delar av strandsona intakt.

Raudlista artar:

- Ullensvang prestegard: Funn av den raudlista soppen rustkjuke
- Børveneset: Funn av den raudlista vårfbla *Beraea maurus*
- Hovland: Funn av den raudlista vårfbla *Wormaldia occipitalis*

2.2.2 Vestsida:

Hekkelokalitetar for sjøfugl:

- Måge: Holmane i Mågeviki: To av dei få holmane i Ullensvang som er eigna som hekkelokalitet for sjøfugl. Her hekkar fiskemåke, makrellterne og mogelegvis tjeld.
- Holmen utanfor Kjosane (Kvalen). Hekkelokalitet for fiskemåke og makrellterne.

Verdfulle naturtypar:

- Lindviki- Skiparvika: Lang strekkje med edellauvskog som startar heilt nede ved fjorden. Her veks mellom anna lind, eik, alm og ask.
- Lindeshaugen: Sør for Velureskreene veks ein edellauvskog ned til fjorden dominert av ask, hassel og lind.
- Nes: Edellauvskog
- Området frå Ådnvikneset til Bjotveitsneset: Lang urørt strandsone med innslag av kalkrike strandberg.
- Området frå Alsviki til strondi: Innslag av kalkrike strandberg.

Raudlista artar:

- Tingvika: Funn av den raudlista lavarten *skoddelav*

2.2.3 Nordsida- Oksenhalvøya

- Slåttenes. Hekkelokalitet for hegre (?)

Raudlista artar:

- Funn av den raudlista nettvinga vanleg maurløve, *Myrmeleon formicarius*

Dei opplysningsane som ligg inne i DN sin naturbase, er lagt inn på kart vist som LNF –N område. Dette skal gje forvaltninga signal om aktsemd, ved førespurnad om tiltak.

2.3 Vassdrag verna etter vassdragslova

Dette er vern etter vedtak i Stortinget, og ikkje etter lov. Formelt er vassdraga berre verna mot kraftutbygging, men Stortinget har gjeve klart uttrykk for at ein og må unngå andre inngrep som kan skada verneverdiane i vassdraga. Vassdrag kan og få vernestatus i medhald av lovverket der desse inngår i etablerte verneområde. I Ullensvang er 3 vassdrag verna, og i høve til prosjektet Verneverdiar i verna vassdrag, har ein registrert og kartfesta verneverdiar i desse vassdraga:

- **Kinso vassdraget:** Verna i 1973 på grunn av naturvitakaplege interesser. Ved elveutløpet finn ein intakte restareal som er viktige å ivareta då denne naturtypen tradisjonelt har vore sterkt utsett for inngrep, og det faktum at inngrep i nærsona til verna vassdrag skal minimaliserast (NNI 2000).
- **Opo vassdraget:** Verna i 1973 på grunn av naturvitakaplege interesser. Strandsona har ein del intakte strekningar med sva og steinstrand rundt neset nedanfor Geithamrane samt strekningar med naturleg sand og grusstrand inn mot Osen (NNI 2000).
- **Bjotveitelva:** Verna i verneplan IV på grunn av typeverdi for dei rikare delane av grunnfjellsområda i Indre Hardanger og tilknyting til Hardangervidda Nasjonalpark. Registreringar som ein kan sjå i samanheng med strandsona: Glasifluviale avsetningar som står fram som terrasser i fleire nivå opp til 130-140 m. o. h. (FMMA 2000)

Vassdraga er i plankartet vist som verna etter anna lovverk.

2.4 Landskap og kultur

Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland har fylgjande hovudmål for landskap og kultur i kystsona: Ein skal sikra eit breitt og representativt utval av naturlandskap og kulturmiljø langs kysten som viktige kunnskaps-, oppleveling og bruksverdiar.

Strandsona har og ein stor landskapsverdi, og ein finn fleire ulike landskapstypar langs kystsona vår. Ullensvang kjem inn under kategorien ”Fjordlandskapet på Vestlandet,” dominert av kulturlandskap med innslag av ”naturlandskap”.

Busetnaden langs med strandsona vart bygd opp kring fiskeri, jordbruk, handel og ferdsel til sjøs. I dag er strandsona eit pressområde med dei problem dette kan medføra for verneverdige bygningar og andre kulturminne. Mange stader opphøyer drift og bruk, og bygningsmasse forfell.

Kulturminne jf Lov om kulturminne § 4.

I Kystsoneplanen er alle automatisk freda kulturminne som bandlagt område jf. Pbl § 20-4 pkt 4.



Lista er ajourført i samsvar med Riksantikvaren sin oversikt i Askeladden pr. **31.03.2008**. I tillegg til alle automatisk freda kulturminne, er også vedtaksfreda kulturminne vist i planen. Eit automatisk freda kulturminne etter § 4, femnar også området synlege eller kjende ytterkantar så langt det er naudsynt å verna tiltaket mot tiltak lista opp i § 3. Dersom eit kulturminne har ein særskild avgrensing, femnar kulturminnet om eit fem meter breitt område rekna frå kulturminnet synlege ytterkant.

I samband med reguleringsplanarbeid, skal automatisk freda kulturminne regulerast til bandlagt område, jf. Pbl. § 20-4, 4.

I område med LNF spreidd bustadbygging og spreidd erverv, set planen krav om at bygginga skal avklarast med fylkeskonservatoren. I utbyggingsområde, vert det set krav om at det i utarbeiding av reguleringsplan, skal setjast av nok areal slik at omsynet til kulturminnet vert teke i vare.

I kulturminneplanen for Ullensvang herad 2000 - 2012 peikar følgjande kulturminne seg ut i strandsona i Ullensvang:

Vikebygdkrinsen:

- Gravrøys på Eikhamarane
- Oppgangssaga på Kvitno
- Restane av transportkaien i Skiparvik frå iseksporten på 1800-talet.
- Mylne ved sjøen på Rogdaberg.
- Naustrekka i tilknyting til Agatunet.

Vineskrinsen:

- Tingviki på Utne
- Utskipingskai i Kvalvik

Djønnokrinsen:

- Gravrøyser i Askevik, Slåttenes, Eikenes og Naustflot.
- Naustrekka på Tjoflot

Kinsarvik-krinsen:

- Naust i Busnes på Bu.
- Ringøy kai
- Gravrøyser på Ulsnes
- Gamle båtstøer og Skipastå i Kinsarvik
- Gamal handelsstad og kai i Gråten, Lutro

Lofthuskrinsen:

- Restaurerte båtstøer i Haugasundsviki.
- Brunaustet
- Kvernarauge

Seksekrinsen:

- Lensmannsgarden på Hovland

2.5 Friluftsliv, rekreasjon og turisme

Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland har fylgjande hovudmål for friluftsliv i kystsona: Styrke det enkle og miljøvenlege friluftslivet, og betre tilgjenge til eigna friluftsområde langs kysten både for lokalbefolkninga og tilreisande.

Strandsona er ein viktig arena for utøving av mange typar friluftsliv. Det er difor viktig å sikra område for dette føremålet. Slike område er og viktige i turismesamanheng. I kommunedelplanen for idrett - og friluftsliv for Ullensvang herad 2000 – 2012 rullert seinast 2006, vert desse områda nemnde under status for badeplassar/ friluftsområde:

Vestsida av Sørfjorden:

- Nordnes/Måge: Her er det sikra eit område like ved byggjefeltet på Nordnes. Det er tenkt som badeplass for folk frå Odda og Ullensvang. Det manglar tilrettelegging av parkeringsplass og tilkomst til området. Det bør vidare vurderast å inngå ein avtale med grunneigarar om å sikra eit tilgrensande område, Mågemagen/Uståviki til badeplass.
- Nå: I reguleringsplanen for Nå sentrum er det regulert inn eit område ved sjøen mellom Nå auto og Nå sentrum som kan nyttast til friområde/badeplass. Dette vart opparbeida og klar til bruk sesongen 2006.
- Aga: Aganeset er regulert til badeplass og friområde. Det er opparbeida med parkeringsplass og gangveg ned til fjøra. Grunneigarar er varsle om grunnkjøp, men dette ligg i påventa av skjøn etter vegutbetringa på Aga. Det kan vera aktuelt å setja av delar av området til turistføremål.

Utne til grensa mot Jondal:

- Tingvika er regulert til friluftsområde og Espevika bør sikrast for ålmenta. Det bør arbeidast med å tilrettelegga områda til badeplass.
- Hesthamar-Steinkrossen: Her ligg eit friområde i kommunal eige med sjøline og eit viktig kulturminne frå mellomalderen, Steinkrossen.
- Lote: Godt tilrettelagt badeplass og friområde.
- Vines og Alsåker: Her ligg mange fine strandområde, men ingen av dei er tilrettelagde for ålmenta.

Oksenhalvøya:

- Området på Ulgenes ned mot sjøen og Slåttenes fyr bør leggjast til rette og sikrast som badeplass/friområde.
- Pervika på Djønnoneset er regulert til friområde/badeplass.
- På Kaland er det regulert inn friområde/badeplass

Austsida av Sørfjorden.

Børve/Sekse/Hovland:

- I samband med utbetring av riksveg 13 har vegvesenet to område, Fresvik og Sekseflaten, ned mot sjøen som er tilrettelagde som raste- / badeplass.
- Børveskjeret og området rundt fyret bør sikrast som badeplass med tilkomst avgrensa mot dyrka mark.

På Hovland er det regulert inn friområde med badeplass.

Lofthus:

- Området i Haugasundsvika er tilrettelagd som friområde med badeplass.

Kinsarvik til grensa mot Eidfjord:

Kinsarvik

- Regulert friområde på Ålmerke, opparbeida som badeplass.
- Ringøy, opparbeida badeplass i samband med campingplass, men ikkje regulert.

Hordaland fylkeskommune arbeider med ei fylkesoversikt på friområde og ei oversikt på kva område som bør sikrast. Heradet har starta arbeidet med å sikra området. Følgjande område er sikra, anten ved kommunal / statleg eige eller med langsigktig avtale.

- Nornes
- Nå
- Fresvik
- Sekseflaten
- Hovland
- Lofthus
- Kinsarvik
- Djønnoneset
- Lote

Heradet har oppmoda velforeiningar/grannalag, om opparbeiding av friområda. Dette arbeidet er alt starta og kan sjå til at det kan lukkast. Det er viktig at dei lokale brukarane får ”eigarforhold” til området og at det vert stelt bra. Det er i planprosessen kome mange innspel på å gjera strandsona meir tilgjengeleg, og ynskje om å medverka til at dette vert gjort. Tilgjenge langs med riksvegen, der den er lagt heilt i fjøra , er eit døme på dette. Heradet vil stø opp om dette arbeidet og vonar at Statens vegvesen, saman med fylkeskommunen og fylkesmannen, vil medverka til at dette let seg gjera.

Område er i plankart vist som friområde og framtid friområde.

2.6 Fiskeri.

Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland har fylgjande hovudmål for fiskeri og havbruk i kystsona: Sikra tradisjonelle bruks- og ressursområde for kystfisket, og betra informasjons- og kunnskapsbasis når det gjeld viktige område for næringa. Hordaland skal oppretthalda sin posisjon som de leiande havbruksfylket i Noreg.

Fiskeridirektoratet har kome med innspel til framlegg om kystsoneplanen. Det er i kystsoneplanen sett av område til fiske, gyte og kaste og låssettingsplassar.

2.7 Havbruk

Skjeldyrking:

Hardangerrådet gjennomførte i perioden 2000- 2002 eit skjeldyrkingsprosjekt for å undersøkja mogelegheitene for skjeldyrking i Hardangerfjorden. I Ullensvang hadde ein prøvedyrkingslokalitetar på Lothe, Tjoflot og Kaland. I tillegg utførte Oksenhalvøya Skjeldyrkarlag prøvedyrking i privat regi på lokalitetane Åkre og Vikane. Prosjektet gav oppløftande resultat både i høve til tungmetall, bakteriologi, DDT/PCB, og vokster av skjella. Fiskeridirektoratet har difor opna for å søkja om konsesjon for skjeldyrking for fjordområda utanfor Sørfjorden.

Det er i dag eit skjelanlegg i heradet og det ligg i Titlevika på Djønno. Kystsoneplanen legg i denne omgang ikkje opp til auke I arealet for skjeloppdrett.

Fiskeoppdrett

Fyrste framlegg til plan viste at det var mogleg med etablering av oppdrettsanlegg ytst i heradet mot Jondal. Det er kome inn søknad om konsesjon på strekkja frå Jondal grense til Kyrkjenes. Heradet sin handsaming om konsesjonssøknader, vert gjort når planframlegg er vedteke. I konsekvensutgreiinga for denne etableringa vart resultatet slik, at heradet framleis vil vera avventande med etablering grunna miljøskade på villaks og sjøaurebestanden i vassdraga i indre strok. I brev frå Det Kongelege Fiskeri og Kystdepartement av 8. april 2008, vert det sett førebels stopp til all nyetablering av oppdrettsområde i Hardangerfjorden. Heradet vil I påvente av ny forskrift, vera avventande med å setja av plass for akvakultur. Etablering vert vurdert ved neste rullering av kommuneplanen.

Skjelsandressursar

Det er i planen ikkje avsett område til uttak av skjelsand

2.8 Forsvaret

Forsvaret har ikkje sett av område med restriksjon for militært føremål.

2.9 Konsekvensutgreiing med Ros analyse, Beredskapsvurderingar

I samband med møte i planforum, vart temaet ”krav om konsekvensutgreiing” diskutert. Fylkesmann og fylkeskommune kom med klare signal på at, kommunedelplan for Kystsona, måtte ha konsekvensutgreiing på nye tiltak, jamfør forskrift om konsekvensutgreiing av 1. april 2005. På grunnlag av desse signala starta heradet med prosessen, og handsama kva tema som skulle takast med og kva som skulle vurderast. Konsekvensutgreiinga med Ros analyse og beredskapsvurdering er laga til som eige vedlegg.